

På den gamle gårdenes plass, noen skritt i sydvest for borgen, reiste Ove Bjelke som minnesmerke en stenpyramide. En stor stentavle med hans nærmeste families våpenskjold pryder pyramiden og inskripsjonen viser Ove Bjelkes trofasthet mot slekten og hans ærbødighet for fedrenes virke. Men han så også fremover mot kommende tider.

Det alvor som ligger i den rike utsmykning fra porttårnets signering av slekten, gjennom borggårdens vakkende lignelse frem til borgens intime kapell og den pompøse og festlige oppgang til riddersalen, er ikke skapt bare for dagen.

Derfor skal hver gjest som besøker Austråt høre en undertone i den festlige fanfare som klinger oss i møte i farver og billedstøtter, i anleggets stigning og fornemme arkitektur fra de ord som var satt over inngangen til borgen:

Denne bygning har Ove Bjelke overgitt etterslekten  
å bevare med Guds hjelp.



Andeidyll.

Bjarne Bjørnstad


oooooooooooooooooooooooooooo

## O G F J E L L E T E R D E T S A M E

*Av Leif Halse*


Tårnet heiter den øverste delen av lia, og her er lendet hengbratt. Her lønner det seg ikkje å bruke skiene. Du kan smøre med klister eller swix eller hva du vil — her glepp det like fullt, og du heng etter armene og slit deg ut. Nei, spenn skiene av her i Tårnet. Dei er til minst bry for deg når du har dei på nakken! Vintervegen går skrå-lies i brattlenda. Ja, det er nok ikkje heilt rett å tala om veg. Det er eit spor med djupe hol for kvart steg — ein stopp-veg seier gammelt folk ned i bygda. Så gjeld det om å trø i same sporet — lyfte føtene høgt og flytte dei frå hol til hol. Kanskje tykkjer du at spora står for tett — at det går fortare og lettare med å hoppe over annakvart hol. Men det sluttar du snart med, for da kjem alt på tull. Føtene blir ståande i kors — det er som du alltid får foten i feil sko. Så lyt du fint fylgje sporet og trø som dei andre har trødd. Her nyttar det ikkje å ropa ut at ein er individualist og vil gå som det høver ein sjøl!

Tårnet er ikkje overvettes høgt — det er ingenting å rekne mot Babels tårn, som skulle nå heilt til himmels. Dette Tårnet blir du



I solveggen.

Leif Halse



Reitløa.


Leif Halse

fort ferdig med, og der ligg fjellet framfor deg — Flatfjellet seier bygdefolket. Og attafor Flatfjellet stig toppar og tindar opp mot blå vinterhimmel og helsar deg med kjente andlet: Snota, Skjerdingfjellet, Snøfjellet, Kjerringa og Vassnebba.

Med det same du er ferdig med Tårnet, møter du den gamle Reit-løa. Ho står der enno med ope skjel og gisne tømmervegger og småskog på taket. Ho hører til ei tid som ikkje er meir — ei tid da markaslåtten var ein stor og viktig del av sommar-arbeidet på gard og plass. Inne i løa ligg det att ting og minner om markalivet: eit rivehovud med avbrote skaft, nokre ljåspikar og ein markakjel. Reitløa ber alderen sin godt. Ho har visst ikkje tenkt å bryte ihop eller rotne ned med det første. Og ho liver opp i lendet — det er som å møte ein gammel kjenning.

Framfor deg ligg fjellet og bed deg koma, og du spenner på deg skiene og går. Du talar om silkeføre! Dette er silkeføre — skaresnø i botnen og ei kvart laussnø oppå. Skiene renn så lett, og snøen sildrar kring skibretta. I slikt føre er det ingen smøringsproblem. Det går av seg sjøl.

Du fylgjer ei løypa innetter myrar og rastar. Det har falle nysnø dei siste nettene, så løypa er på det nærmeste nedsnøa. Du ser ho berre som eit tunt skuggeband bortetter den kvite flata. Lufta er



Skjerdingfjellet.

Leif Halse

blekkstill, og sola glitrar i den kvite snøen der du ruslar åleine i den blanke vinterdagen.

Åleine? Nei, du er aldri åleine i fjellet. Sjå der er merke i snøen etter ei rype som har slått ned — avtrykk av stuvfjør og venger, og så spor bort til eit vierkjerr og mykje tråkk ikring. Lenger framme møter du far etter to klauvdyr — reinsdyr. Dei har kome frå Snøfjellet og ned på myrane og rastane. Her har dei kryssa skisporet, og det eine dyret har straks vendt tilbake til løypa og fylgd den. Her var det fast under foten og lett å ta seg fram. Det andre dyret — truleg ei simle — har først gått ein vid og nysgjerrig sving bortetter myrane før det har vendt tilbake til løypa og fylgje sveinen.

Løypa skjer over ein setervoll. Her har reinsdyra sagt takk for seg og stukke til fjells. Men du fylgjer det nedsnøa sporet over vollen der ei seterbu og eit lågt fjøs strevar med å få taket opp av snøhavet.

Ein solskinsdag i fjellet med nysnø over vidder og teler — har du nokon gong prøva å skildre det? Det er ikkje lett — nei, det er uråd. Alle ord og bilete blir fattige og fargelause — dei seier ingen ting. Ein finn ut at ein er ordlaus, og finst det noko fattigare menneske på jord enn ein ordlaus skribent! Og medan eg leitar

etter vakre og sanne ord som skal fortelle om den strålende dagen og den drivande kvite snøen, dukkar brått eit reklame-ord fram i tankane — ei glose frå lysingar i aviser og vekeblad: Blenda. Eg bles i harme og slenger ordet langt bort og leitar etter eit anna — eitt som er vakkare og meir poetisk. Men eg finn ikkje eitt einaste som høver, og så lyt eg bruke reklame-ordet, kor lite det smakar meg, og skrive om Blendavite vidder. «Ho trudde at kjolen var kvit til ho hadde sett nysnøen under Skjerdingfjellet ein solstrålende vinterdag.» Dette er ikkje vakkert sagt — det er ikkje poetisk heller. Men no har du kanskje som ei aning om det eg ville fortelle deg.

Frå Blendavite vidder går synet mot toppar og tindar. Lengst i aust står den bratte og byrge Neådals-Snota. Toppen er kutta av, og linene er beine og regelrette — som om heile Snota er hogd til med øks. Skjerdingfjellet har ein heilt annan skapnad — det er langstrekt og renn opp i ei egg. Men eggja er hakket og minner om eit liggande skjerding-jarn, og det er vel grunnen til at fjellet har vorte kalla Skjerdingfjellet. Snøfjellet går opp i ei snyte og fell bratt ned mot Bjøråskar og Bjøråbotn. Det rundar ryggen mot vestaver og storm og lyfter nakken i trass — står der som eit bilet på noko som aldri vik og gir etter — ein ubøyelige vilje i stein.

Kjerringa hykjer seg ihop og gjer seg låg. Men ho ruver i vidda og trugar med å flyte ut over flatfjell og dal. Og lengst i vest stig Vassnebba skinande kvit og rein i linene opp mot vinterblå himmel — som ein heilag tanke, eit augnefeste høgt over dal og bygd.


Men sjå der: Mellom Snøfjellet og Kjerringa kjem ei rekke høge mastrar mot deg. Dei er smekre og sterke og er brattare og stoltare i reisinga enn nokon fjelltopp. Det er den moderne tida som er på vandring over fjellet. Desse mastrane skal bera trådar, og trådane skal føra kraft, varme og lys frå dei store anlegga inni Sunndalsfjella fram til bygder og byar i Møre og Trøndelag.

Desse sprikande mastrene skjemmer fjellet, seier mange. Fjellet blir ikkje som før! På ein måte kan det vera rett nok. Vi tykkjer at den gamle Reitløa høyrer fjellet til på eit heilt anna vis enn desse moderne stålmastrane. På den andre sida må vi hugse at tida står aldri i ro. Den er alltid på vandring, og her i desse fjell opplever

vi at fortida og framtida helsar på kvarandre — at gårdagen og morgondagen møtest.

Og fjella er dei same. Neådals-Snota står like bratt og sjøltrygg idag som for tusen år sidan. Skjerdingfjellet er like tagget og sundrive, Kjerringa like brei og ruvande, og Vassnebba like kvit og rein. Ho tøyser seg mot himmelen med den same ro og styrke som før.

Tider går, og tider kjem, men fjella er alltid dei same. Dei har alltid glede å by den som søker glede og ro, og dei har alltid noko å fortelle til den som har tid til å stanse og lyde til suset fra dei aude vidder og det evangelium som fjellet alltid har å forkynne.



Mot Vassnebba.

Leif Halse